

# Kan gi 12 nye arbeidsplassar

**Vekst i Stordal gir støtte frå næringsfondet til to verksemder med potensial for totalt 12 nye arbeidsplassar.**

Den eine av dei to som får støtte er ei verksemd under etablering innan restaurering og reperasjon av antikke og brukte møblar.

- Det er eit polsk ektepar som står bak denne etableringa. Dei har solid erfaring innan møbelfaget og vil slå seg opp med ei verksemd innan restaurering av møblar. Verksemda har kome langt i førebuingane sine saman med hoppid-kontoret hos Fjordhagen. Vi meiner dette er ei interessant og god satsing som kan gi to nye arbeidsplassar og har derfor innvilga ei støtte på kr 49.200 til oppstarten, seier Harald Espeland, prosjektleiar i Vekst i Stordal.

## **Stort vekstpotensiale**

Busengdal Transport AS er den andre verksemda som får støtte i denne omgang.

- Busengdal Transport AS flyttar i desse dagar inn i nye lokale og satsar stort vidare. Dette er ei svært viktig verksemd i Stordal. Flyttinga deira er kostbar. Samstundes har dei ønskje om å gjere ein del investeringar i samband med flyttinga som kan gi endå meir effektiv drift, større konkurransekraft og dermed større vekstpotensial. Busengdal Transport har planar om 10 nye tilsette i løpet av 2014. Dei får ei støtte frå næringsfondet på kr 200.000 til investeringar som kan utvikle verksemda for vidare vekst, seier Espeland.